



POLITIRÅDSAVTALE

Samarbeidsavtale mellom kommunane Sogndal, Luster og Sogndal lensmannskontor.

1. Føremål:

Politirådet er eit formalisert samarbeidsforum for politiet og kommunane i det lokale kriminalitetsførebyggjande arbeidet, for samordning av beredskapsplanar og for arbeid med samfunnsikkerheit.

Gjennom utveksling av kunnskap og erfaring, så skal politirådet bidra til involvering, samt gjensidig forplikting og ansvarleggjering av lokale styresmakter, næringsliv, frivillig sektor og politi.

2. Deltaking:

Politirådet er som eit minimum samansett av representantar frå leiinga i kommunen og leiinga i lokalt politi, der begge parter kan forplikte eigne organisasjonar.

Minimum faste medlemmer:

Ordførar i Sogndal kommune

Ordførar i Luster kommune

Tenestadsleier Sogndal lensmannskontor

Rådmann Sogndal kommune

Rådmann Luster kommune:

Politikontakt Balestrand

Politikontakt Sogndal

Politikontakt Luster

Politirådskoordinator

SLT-koordinator Sogndal

Andre aktuelle vert invitert v/b

3. Hovudoppgåver:

Inngå avtale om politiråd for å forplikte deltakarane sine organisasjonar i politirådet til samhandling, og sikre at arbeidet som vert sett i verk blir samordna og gjennomført.

- Utvikle forpliktande handlingsplanar slik at innbyggjarane er sikra heilskapleg førebyggjande teneste i sitt lokalsamfunn.
- Bruke kommunane sine politivedtekter aktivt som verktøy for å ivareta kriminalitetsførebygging og trygge lokalsamfunn.
- Revisjon og ajourføring av kommunane sine politivedtekter.



- Sørge for heilskapleg samhandling mellom politi, kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar.
- Sørge for felles forståing av trendar og utviklingstrekk i det lokale kriminalitetsbildet.
- Bidra til felles forståing av underliggjande og utløyssande årsaker til uønskt åtferd.
- Utarbeida målretta førebyggjande tiltak kopla til kriminalitet, utryggleik og sårbarheit.
- Samordna strategiske avgjerder for kriminalitetsførebyggjande arbeid, beredskap og samfunnssikkerheit, samt utarbeide felles handlingsplanar innan desse områda.

4. Møteplan/agenda:

Det vert planlagt møter kvartalsvis, ev fleire v/spesielle behov/saker.

Agenda til møta skal sendast ut seinast 2 veker før møte. Det vert utarbeidd referat som vert arkivert.

Ordførarane leiar rådet, oppgåva går på omgang.

5. Lokale mål og oppfølging:

Basert på felles situasjonsforståing, forventa utfordringar og anna kunnskap har politirådet for perioden blitt einige om følgjande satsingsområde;

Satsingsområder:	Ansvar:	Tiltak:
5-1. Kunnskap og kompetanse om oppvekst og kriminalitetsbildet.	Politirådskoordinator SLT – koordinator. Kommune, Politi	Ref. Handlingsplan punkt: 1-1, 1-2, 1-3, 1-4.
5-2. Forankring av Politiråd i politiet og kommunane Luster, og Sogndal.	Ordførar, Rådmann og Politi	Ref. Handlingsplan Punkt: 2-1.
5-3. Eit trygt og inkluderande miljø for barn og unge.	Oppvekst, Politiråd, Kommune og Politi	Ref. Handlingsplan Punkt: 3-1, 3-2, 3-3, 3-4.
5-4. Førebygging mot utsette grupper.	Politiråd, kommune v/ruskonsulent og oppvekst, frivillige org., næringsliv, politi og foreldre	Ref. Handlingsplan Punkt: 4-1, 4-2,4-3, 4-4.
5-5. Tett oppfølging av utsette grupper.	Nav, Konfliktråd, Kriminalomsorg i fridom, Politi	Ref. handlingsplan Punkt: 5-1, 5-2, 5-3, 5-4.

Kartlegging og analyse er sentralt for å sikre eit kunnskapsbasert grunnlag for det tverretatlege samarbeidet. Det vert føresett at politirådet aktivt etterspør og nyttar kunnskap. Dette for å bidra til eit best mogleg felles situasjonsbilde som grunnlag for dei tiltak som vert sett i verk innan kriminalitetsførebygging, samfunnssikkerheit og beredskap.

I lys av satsingsområda og kunnskapsgrunnlag, skal politivedtektene reviderast ved behov, slik at strategiske satsingar også kjem til uttrykk her.

I den grad utfordringane er knytt til næringsliv/organisasjonar/etc., skal også dei involverast i arbeidet.



Rådmann har ansvaret for at tilrådingar i politirådet vert følgt opp av kommunen. Tenestestadsleiar Sogndal lensmannskontor har ansvaret for at tilrådingar vert følgt opp av politiet.

Ved års slutt skal politirådet evaluere effekten av tiltaka som er sette i verk opp mot å avdekka kriminalitetsutfordringar og behov innan beredskap og samfunnssikkerheit.


Eventuelle læringspunkter tek ein med til neste års arbeid.

6. Periode:


Avtalen vert revidert ved behov, gjeld no fram til 01.01.2022.

Dato : 26/5-2020

Leiar Sogndal lensmannskontor:



Ordførar Sogndal:



Ordførar Luster:

